

# .. har vi omsorg for kvarandre

litt om serien


## Heime hos oss, så...

Det er alltid spanande å kome inn i ein ny heim. Korleis er det her? Korleis ser det ut? Kva gjer dei på? Kva er tonen her og kva er dei opptekne av, dei som bur her?

Rytmar og vanar dannar seg i ein kvar heim, og desse er med å seie noko om kva som er viktig og prioritert: Kva er typisk i denne heimen.

Når NT skildrar det kristne fellesskapet – kyrkja, så er ordbruken ganske så familiær. Dei kristne dannar saman ein trusfamilie og kyrkja er som ein heim. Vi har Gud til far og er - i trua - kvarandre sine søsken. Og då må vi jo spørje: Kva er typisk i ein slik heim?

Denne serien vil løfte fram 6 gode vanar/praksisar for eit kristent fellesskap. For ein ting er heilt sikkert. Vi samlast ikkje i fellesskapet berre fordi vi har informasjonsbehov om åndelige ting. Nei, vi samlast for at trua på Jesus kan få form og uttrykk. Denne serien sit viktigaste siktemål er å etablere nokre viktige truspraksisar for oss som nytt fellesskap. Slik at vi alle kan seie: heime hos oss, så...



## Bibel

### 1. Tim 2,1-4 Spørsmål til teksten:

1. Kven er det kristne bør be for, i følgje teksten?
2. Kva skal effekten av bøn vere, i følgje Paulus?
3. Gud gler seg over våre liv og bønner for andre. Kvifor, trur du?



## Fellesskap

### Den ærlege samtalen:

1. «Framfor alt... be» skriv Paulus. Korleis vil du seie at ditt bønoliv ser ut?
2. Kva er det fine og kanskje det vanskelige med å be for andre?
3. Kva erfaringar har du med å be for andre/motta forbøn frå før?



## Misjon

### Gjennom deg og vidare

Kven er det du bed for regelmessig at skal bli kjent med Jesus?



## Raushet

### Takksam deling

Bøn er ein klar omsorg for kvarandre. Lag ei liste over folk du vil be for framover.

litt om tema:

## .. har vi omsorg for kvarandre

Det er typisk for ein heim å ha ei forplikting på kvarandre sitt ve og vel. Bøna og forbøna er kanskje den mest fantastiske måten vi kan dra omsorg for kvarandre på i det kristne fellesskapet, spesielt når den akkompagnerast av praktisk omsorg. Med stort og smått, rått og råte, så får vi legge kvarandre fram for ein allmechtig og god Gud. Vi kan bære kvarandre sine bekymringar og utfordringar, gå saman med kvarandre i livets bratte bakkar, og vi kan gjere det med bøn.



## Bøn

### Takk, bøn og forbøn

1. Takk Jesus, for at vi kan få komme til han med alle ting, stort og smått.
2. Be gjerne for bygda di: menneska i den, arbeidsplassar, skular og barnehagar, for kommunestyre og næringsliv. Be for naboane og for vener
3. Be gjerne for kvarandre, gjerne med handspålegging. del behov og be enkle bønner.